

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 08.02.2017

TYSDAG 07.02.2017

Synfaringar i Nordhordland

Møte på «Hagellia matstove» med orienteringar:

- Avdelingsdirektør **Olav Finne** frå Statens vegvesen orienterte om Nordhordlandspakken - status og plan for gjennomføring og FV 565 Alverstraumen bru.
- Prosjektleiari for Nordhordlandspakken i Statens vegvesen, **Svein Rosseland**, orienterte om dei 19 prosjekta i Nordhordlandspakken.
- Rådmann i Lindås kommune, **Ørjan Raknes Forthun**, orienterte om sentrumsplanen for regionsenteret Knarvik, med særleg vekt på tilhøva for gåande og syklende.
- Ordførar i Fedje kommune, **Stian Herøy**, tok opp tema knytt til ferje.
- Ordførar i Meland kommune, **Øyvind Oddekalv**, tok opp tema knytt til beredskap og samferdsel i kommunen.

Utvalet hadde busstur via Alversund med stopp for å sjå på traséar for ny bru, og vidare over Radøy og gjennom Austrheim til Mongstad. Undervegs var det orientering frå Statens vegvesen og kommunane om aktuelle samferdselsprosjekt.

Møte med TMC (Technology Centre Mongstad).

- Adm.dir. **Roy Vardheim** orienterte om klimautfordringar, Co2-fangst og lagring/bruk.
- Driftsoperatør **Tom Roger Lid** orienterte om NAM (Nasjonal Algepilot Mongstad).

ONSDAG 08.02.2017

Orienteringar

Arbeidande styreleiar **Paul M. Nilsen** orienterte om det nye bompengeselskapet for vestlandet, Sørvest Bomvegsselskap AS - status for organisering og framdrift.

Skyss v/direktør **Oddmund Sylta** orienterte om auken i reisetal i 2016.

Statens vegvesen v/rådgjever **Kaisa Tonheim Banne** opplyste at

- det vert stenging i Deildo i fem veker frå 27. februar på grunn av opprydding
- Eidfjordtunellen og Måbøtunellen vert nattestengd på grunn av vegarbeid

Statens vegvesen v/sjefingeniør **Asbjørn Valen** orienterte om Masfjordbrua. Også ordførar i Masfjorden, **Karstein Totland**, orienterte om ny bru over Masfjorden.

Astrid Aarhus Byrknes (KrF) hadde sendt inn slikt spørsmål:

«Ved fleire høve har eg fått spørsmål om sikring / tryggleik for born på buss. Sikkerheit for borna er ein viktig faktor for at bussen skal vere eit godt alternativ for barnefamiliar. Enkelte bussar har installert barnesete, men det er ikkje ein oversikt for publikum over kva busser dette gjeld. Barneseta er også plasserte slik at ein ikkje samstundes kan ta ansvar for å halde på ei barnevogn. Skyss sin informasjon til reisande med barn er også mangelfull på nettsidene og kunne vore betre.

Spørsmål:

Kor mange prosent av bussavgangane vert køyrde av bussar med barnesete?

Og korleis vurderer ein kva som er trygt når ein reiser med små born i barnevogn?»

Det var utarbeidd slikt svar:

«Kor mange prosent av bussavgangane køyres av bussar med barnesete?»

For bussar i trafikk for Skyss er det barnesete i bussar i såkalla klasse 2 (langrutevogner). I desse bussane er det 2 stk. barneseter per buss. Tabellen under viser del av totalt mengd bussar med barnesete i dei ulike ruteområda, samt kor stor andel av ruteproduksjonen som vert køyrt med bussar i klasse 2.

	Totalt tal bussar	Bussar med barnesete	% bussar med barnesete	% produksjon med barnesete
Austevoll	9	9	100 %	100 %
Modalen og Vaksdal *	11	2	18 %	24 %
Hardanger og Voss *	130	110	85 %	96 %
Nordhordland	68	68	100 %	100 %
Bergen Sentrum	113	50	44 %	31 %
Bergen Nord	115	76	66 %	70 %
Osterøy	27	19	70 %	81 %
Servicelinjen	3	0	0 %	0 %

*= Køyretøy utan barnesete i Modalen og Vaksdal, Hardanger og Voss er i hovudsak minibussar.

«Og korleis vurderer ein kva som er trygt når ein reiser med små born i barnevogn?»

Tryggleik i buss er regulert gjennom køyretøysforskrifta og vegtrafikklova som blant anna set krav til utforming av dei ulike busstypene. For barn under 3 år skal det vere minst to godkjende sitteplassar eller minst to sitteplassar kor det kan festast sikringsutstyr for barn under 3 år (følgjer av køyretøysforskrifta). Dette kravet gjeld berre for bussar registrert før 15. september 2012.

«Bybussar» i klasse 1 er fritatt frå reglar om minst to godkjende sitteplassar for barn under 3 år (kjelde: vegvesen.no). I Skyss sine busskontraktar er det for bussar i klasse 2 (langrutevogner) stilt krav om to integrerte sitteplassar for barn under 3 år.»

YMSE

Sakene vart behandla i slik rekkjefølgje: PS 14-21/17, PS 23/17.

Fylkesdirektør samferdsel opplyste at det truleg vert eit ekstra møte i utval for miljø og samferdsel tysdag 21. februar.